

## Klima og Miljødepartementet

### Høyring, tiltaksplan etter kvalitetsnormen for villrein i Knutshø, Snøhetta og Rondane villreinområder.

Dykkar ref: 25/932

#### Ynskjer å koma med ein uttale ang. tiltaksplanen for delområde Snøhetta vest.

Mitt namn er Dag Ringstad, tidlegare fjelloppsyn for Eresfjord og Vistdal Fjellstyre i Snøhetta vest. Har også vore rovviltkontakt for Statens naturoppsyn i same området. Er no pensjonert, men har arbeidd i fjellet frå 2001 til 2023 og meiner at eg kjenner området godt.

Reinen sitt behov i ulike områder og trekkrutene mellom desse er godt forklart i ulike rapportar. Dette stemmer med mine egne observasjonar. På bakgrunn av dette ynskjer eg å ta fram nokre tiltak eg meiner er viktige for å halde oppe villreinstamma i Snøhetta vest.

#### Trekkveggar

##### Torbuhalsen

Denne strekninga bør stengast frå 1. oktober til 15. juni. Her bør det også vere campingforbod den tida vegen er open. For å få dette viktige trekket til å fungere igjen må målet på sikt vere å stanse all trafikk over Torbuhalsen, eventuelt leggst i tunnel. Ein må og sikre seg at kraftlinene vert lagt i jordkabel. Reinen trekker ofte i sirkel mellom aust, sør, vest og nord so tiltak over Torbuhalsen må difor sjåast i samanheng med tiltak i Dalsida, sørenden av Aursjøen. Klarer ein å opprette trekka mellom aust og vest kan ein klare å få reinen til å beite på austsida av Torbudalen. Dette området blir i dag stort sett kun brukt av bukkar. Torbudalen var før kraftutbygginga eit viktig kalvingsområde.

##### Aursjødemninga – Tverrberget

Strekninga er ein del av Torbudalen biotopvernområde. Dette er den einaste strekninga der reinen kan krysse til/frå Lesja og Brønnhøa til Stordalen og Odden. Denne strekninga vert brukt både vår, sommar og haust. Aursjøvegen går tvers gjennom denne trekkruta. Stenging av vegen frå 1.10 -15.6 må også gjelde her. Aursjøvegen har hatt stor trafikkauke dei siste åra og det er mykje «villcamping» på denne strekninga. Her bør det skiltast med stopp forbode og camping forbode. Dersom reinen sluttar å bruke denne trekkruta vil det ikkje kome rein nordover til Stordalen, Kjøtåbotnen og Vikebotnen som er viktige kalvingsområder.

### Løypåvollen – Gravdalen

Storflåa – Gravdalen – Høvelbotnane - Lågklenegga er viktige beiteområde på sein vinter og vår. Ein del kalving i området i mai. Om våren er det ein god del folk som tar skiturar til m.a. Klenegga med utgangspunkt frå Løypåvollen. Denne skitrafikken går rett gjennom dette viktige vårbeitet. I vårmånadane bør vegen opp frå Eikesdal til Løypåvollen og vidare til Tverrberget stengast med bom ved Finseth slik at ein minimerer skiaktivitet her. Denne strekninga bør ikkje brøytast før tidlegast 1. juni.

### Sandgrovvegen

Sandgrovvegen bør stengast i alle fall ved grensa mellom Molde og Rauma kommunar ved Store Sandgrovatn. Ved Sandgrovsnyta er det ein viktig trekkveg for rein. Her må reinen krysse Sandgrovvegen for å kome vidare nordover. Bukkar kryssar her, men fostringsdyr kryssar ikkje. Har sett mange gangar fostringsflokkar som har kome frå Børtælen og nærma seg vegen ved Sandgrovsnyta. Utan unntak har dei snudd og gått tilbake. På våren, før vegen vert opna, vert det sagt at fostringsdyr kan trekke lenger nordvestover, men det er ikkje ofte.

Det er og viktige reinstrekk ved Johanhytta og ved Kaldhøa i Rauma som vert påverka av Sandgrovvegen.

I Sandgrovbotnen og Mardalsbotnen er det i dag store beiteområde for rein som ikkje vert nytta. Etter mitt syn bør ikkje andre enn saueeigarar/oppsyn/Statkraft ha høve til å køyre denne vegen. Dette for å få reinen til å ta området i bruk igjen.

Det er viktig at det vert sett opp informasjonsskilt som forklarar kvifor det er camping og stopp forbod. På mange språk. Dersom folk får informasjon om at det er av omsyn til reinen er det lettare å akseptere.

### Bjorli

Alpinanlegget på Bjorli fraktar folk til fjells og mange går turar innover fjellet mot Bøervatna og Gravdalen. Dette er svært uheldig for rein som vil trekke nordover mot Rauma.

Reinsdyr som vil trekke nordvestover mot Sandgrovbotnen/Mardalsbotnen må anten passere på nordsida av Gravdalen mot Eikesdal, eller på sørsida av Gravdalen mot Bjorli. Over sjølv Gravdalen er det på grunn av topografi, ingen trekkruiter. Ferdsl i dette området bør reduserast. Det må ikkje bli tillat å legge til rette for ferdsel frå skianlegget og innover i reinområdet.

### Torbudalen

Tidleg brøyting av Aursjøvegen frå Sunndal opp til Osbudammen gjer at mange fleire går vårskiturar med utgangspunkt frå Osbudammen og Holbudammen. Dette ofte i

retning Gråhøa og Slotthøa. Dette er eit viktig kalvingsområde, og reinen er sårbar for menneskeleg ferdsel.

Det ideelle er at ein unngår tidleg brøyting, men uansett bør det settast opp skilt som forklarar kvifor folk bør unngå skigåing i dette området i april og mai.

## **Rovvilt**

### Jerv

Jerv tek rein. Både kalvar og vaksne dyr. Dei vaksne dyra er ofte dyr som er skrantne og som truleg hadde døydd likevel. Den brå nedgangen i veststamma i Snøhetta vest kring 2019 (om lag 500 dyr) kan ikkje ha årsak i jerven. I Snøhetta vest har det dei siste 20 åra vore ei nokså stabil mengde jerv og desse har hatt eit visst uttak av rein. Jerven er revirhevdande og det er ikkje plass til meir enn ei viss mengde jerv i eit område. Resten må danne eigne revir i andre område. Snøhetta vest er det i dag lite sau på beite. Mange vil hevde at mangel på sau i fjellet er årsaka til at jerven no tek meir reinskalvar, men sauene kom ikkje opp på høgfjellet før i slutten av juni og byrjinga av juli. Det er det ein månad etter at reinskalvinga var slutt.

### Kongeørn

Kongeørn kan drepe reinskalvar og vaksne dyr. Antal par kongeørn i Snøhetta vest har vore nokså stabilt dei siste åra.

### Havørn

Mange forvekslar havørn med kongeørn og trur at det er meir kongeørn i området enn det verkeleg er. Havørnstamma har auka dei siste åra. Havørn drep sjeldan slik som kongeørna, men er snar til å kome på kadaver og soleis få skulda for noko den ikkje har gjort. Den kan skremme dyr utfor skrentar slik at desse vert slått ihel. Uvisst i kor stor grad dette gjeld rein i Snøhetta vest.

## **Menneskeleg aktivitet**

Mange av dei som har hytter i Torbudalen og ved Aursjøen forstår at ein må ta omsyn til reinen. Det er likevel slik at sjølv liten aktivitet kan vere nok til at reinen trekker vekk. Ferdsel til og frå hyttene, og tidleg brøyting om våren er uheldig.

Den store auken i trafikken på Aursjøvegen har blitt eit problem for reinen. So snart rein vert observert stansar folk for å fotografere. Gjerne med drone. Auka trafikk gjer at det vert meir folk i terrenget, og villcamping fører til at reinen heller ikkje kan bruke dei viktige trekkrutene om natta. Her bør det koma restriksjonar.

Reinen har brukt mykje omådet sør på Lesja som vinterbeite. Her er det mindre med snø og ikkje so sårbart for nedising. Fjellvegen på Lesja gjer at det er lett å koma seg

til fjells, meir folk, og ein kan sjå at reinen nyttar området lenger nord. Her er det meir snø, våtare klima og større fare for ras. Ein bør vurdere om ein kan stenge Fjellvegen i periodar.

## **Oppsyn**

Det er resurskrevjande å følge med reinen igjennom året. Til det trengs det pengar. Etter mi meining er årsaka til reinen sine problem i Snøhetta kraftutbyggingane som fann stad på 1950-talet. For meg er det underleg at kraftutbyggaren ikkje vert pålagd å betale årlege tilskot til oppsyn, slik som dei er pålagde i t.d. lakseelva Eira.

Eresfjord, 29.5.2025

Dag Ringstad

6470 Eresfjord